

Spørsmål:

Heilevang på FV609 er ein svært rasutsett stad, der det dei siste vekene har vore registrert mange rasepisodar og vegstengingar.

Kan fylkesordføraren gje ei orientering mht politisk og teknisk framdrift rundt FV609/Heilevang og tunnelprosjektet, ikkje minst i lys av dei mange rasa og stengingane på staden den seinare tid?

Fylkesordføraren gir slikt svar:

Prosjektet er i planfasen, og denne prosessen er komen langt. Målsetninga er at forslaget til reguleringsplan kjem på høyring seinsommar 2021. Fleire alternative veglinjer er vurderte. Dette gjeld spesielt veglinje inn mot påhogg mot aust. Det er pr i dag ikkje sett av investeringsmidlar for prosjektet i økonomiplanen for perioden 2021-2024.

Det pågår også eit større arbeid med oppdatering av kunnskapsgrunnlag for Regional transportplan for Vestland. Første utgåve av Regional transportplan Vestland 2022-2033, med foreløpig handlingsprogram, er planlagt å sende på høyring i juni 2021 med høyringsfrist i september. Ny Regional transportplan for Vestland skal vedtakast i fylkestinget i desember 2021.